



PÅ KYRKJEVEG

INFOLDAR OM KYRKJA I KORONATIDA
MAI 2020



Kyrkja i koronatid.

Påskedag vart det i Hegge kyrkje ringt i klokkene til vanleg messe tid. Klokkaren gjekk inn med korset under preludiet. Presten gjekk for altaret. Det er litt overdrive å seie at «Påske-

morgen slukker sorgen» ljoma mellom veggene, men vi song, teksta om oppstode vart lese, vi bad, presten lyste velsigninga, 3x3 slag vart slege. Ein tusenårig tradisjon med å halde gudsteneste 1. påskedag vart ikkje brote! Det er eg glad for.

Vi held hjula i gang, og vi gjer det ikkje for showets skuld, det kan vi seie. Når du er berre nokre få slik vert det verkeleg tydeleg og nødvendig at dette gjer vi fordi vi har tru for det. Det spelar ei rolle at nokon ber! Når eg såg utover dei tomme benkene i Hegge kyrkje med hendene utstrekke til velsigning, stoppa ikkje blikket der; det gjekk i fantasien ut gjennom veggene, over heile bygda og det vart tydeleg at vi ber for og på vegne av bygda, ved dette vert heile bygda velsigna.

Slik gjer vi det i alle kyrkjer der det er tillyst gudsteneste. Slik vil vi halde fram til ting kan gå som normalt; Trufast!

Kvar kvardags morgon klokka 08:30 går eg opp i Volbu kyrkje. Der held eg ei kort morgonbøn for meg sjølv. Ja det har faktisk hendt at nokon har kome og halde meg med lag. Det er fint. Om nokon har lyst til å kome om morgonen slik er de hjarteleg velkomne.

Eg starta med morgonbønene dagen etter at Norge stengde ned, og eg tenkte at om vi ikkje kan vera fysisk saman, er å be til same tid ein måte å vera saman på. Difor legg eg og ut på Facebook og på heimesida vår at no er lysa tende slik at ein eventuelt kan tende sitt eige lys.

Eg har og hatt moro av å leggje ut ei lita betraktning, gjerne inspirert av noko i denne rikt innreia kyrkja. Eg har byrja lure på kor lenge eg kan finne noko nytt å fundere over her. Det kan hende eg dukkar ned i biletarkiva våre og leiter etter spanande ting i dei andre kyrkjene og. Vi får sjå kor legne unntakstilstanden varar.

Vi veit i skrivande stund ikkje når det vert opna opp for gudstenester, men følg med, følg med i avisa. Konfirmasjonane er utsett til september, vi vonar det blir stølsmesser. Dåp, gravferd og vigsel kan gjennomførast med dei til ei kvar tid gjeldande reglar for smittevern.

- Eli

Vi opnar opp så smått om senn!

- Følg med følg med!

Det går føre seg mykje arbeid for å leggje til rette for kyrkjelege handlingar samstundes som ein skal sikre smittevern både for deltakarar og tilsette. Dei nasjonale reglane er i skrivande stund at 50 personar kan vera samla på offentleg stad med ansvarleg arrangør. Det set rammer for kor mange som kan vera samla ved dåp, vigsel og gravferd.

Dåp, vigsel og gravferd vert frå 7. mai gjennomført i lukka seremoni med inn til 50 deltakarar.

Vi følgjer myndigheitenes retningslinjer ved smittevern: Vi må halde god handhygiene, ikkje handhelse /klemme Det vil vere handsprit tilgjengeleg ved inngangen. Halde god fysisk avstand, dvs. sitje og stå minimum ein meter frå kvarandre dersom ein ikkje bur i same hus, og unngå å ta på overflater så langt det er mogleg. Ein kan ikkje delta dersom ein har symptom på luftvegssjukdommar eller er i karantene/isolasjon.

GUDSTENESTE

Vi vil etter kvart feire opne gudstenester. Det vil skje når Den norske kyrkja sin bransjestandard er klar og vi har fått praktiske ordningar på plass. Vi vonar pinsedag i Hegge blir fyste opne gudsteneste! Følg med i avisa!

DÅP OG VIGSEL

For dåp og vigsel ta kontakt på e-post: post.oystreslidre@kyrkja.no skriv namn og tlf. så tek vi kontakt for å avtale.

GRAVFERD

Ved gravferd tek presten kontakt med pårørende så fort som råd for også å planlegge i høve til det til kvar tid gjeldande praktiske med smittevern.

KONFIRMASJON VÅREN 2020 UTSETTAST TIL:

13. september: Lidar kyrkje kl. 10.30 og Hegge kyrkje kl. 12.30.

20. september: Volbu kyrkje kl. 11.00,

27. september: Volbu kyrkje kl. 10.30 og Rogne kyrkje kl. 12.30

Kunngjering av konfirmantar skjer på heimesida og i avisa Valdres.

Kyrkjelege arrangement/faste aktivitetar som:

Den gylne time, babysong, salmesang, diakonitreff, konfirmantundervisning og gullkonfirmantar utgår inntil ny informasjon frå myndigheitene kjem. Følg med på kyrkja si heimeside og kyrkja i Øystre Slidre si Facebook side og avisa Valdres.

Sokneprest Eli Vatn sine morgonbøner kan dykk følgje på kyrkja si heimeside www.kyrkja.no/oystre-slidre og på kyrkja si Facebook side.

Sundagar kl.11.00 ringast det i den kyrkja det skulle vore Gudsteneste i, med dette får vi ei påminning om Guds nærvær også no når det er unntakstilstand i landet vårt. Situasjonen som har oppstått, gjer at mange no er bekymra og nettopp vil søke til kyrkja for håp og trøyst. Dersom nokon har behov for ei stille stund i kyrkja - ta kontakt med kyrkjevevja på tlf. 91 87 62 35.

De kan ta kontakt med sokneprest Eli Vatn dersom de har behov for å prate på tlf. 99 12 99 76. Hugs det er lov å ta ein telefon eller gå ein tur i saman så lenge ein følgjer dei anbefalingane som blir gjevne.

Etter tilråding frå nasjonale og lokale styresmakter held vi oss på heimekontor og vi er tilgjengelege på e-post og telefon.

Eli: fjellprest@beitostolen.no / tlf. 99 12 99 76 og Marianne: ms539@kyrkja.no / tlf. 91 87 62 35.



17 mai 2020, live og på nett.

Kyrjeklokkene.

Det er vel ingen gong vi er så saman bygda og landet som 17. mai. Vi treng å kjenner at vi høyrer til saman ikkje minst i desse tider når vi ikkje kan møtast fysisk. Vi har eit felles kommunikasjonsmiddel som har vore brukt i år hundre: kyrjeklokkene. Difor vil klokkene i alle 4 soknekyrkjene ringe klokka 09.00 17. mai. Gå ut på trammen og kjenn høgtida, festen og fellesskapet i at vi alle høyrer det same.

Gudsteneste på nett.

Når klokkene har ringt vert det sendt ei forkorta gudsteneste frå kyrkjene i Øystre på nett. Klikk deg inn på kyrkja si heimeside.

Sjå elles for program for 17. mai i avisa. Vi har og ein annan måte å markere at vi høyrer saman, at vi feirar nasjonaldag. Ved å flagge. No når vi alle stort sett er heime hos oss sjølv, lat oss finne fram flagga og markere at vi er her, at vi feirar og høyrer saman. Det er ein så fin måte å vise at her bur vi, denne bygda er full av festglade folk.

Tekst: Eli / Foto: Saskia Aleida Van Veen

Til deg som går i 8. klasse – har du tenkt på konfirmasjon 2021?

Vi sender snart ut brev til alle som starter i 9. klasse etter sumarferien, men ettersom vi måtte utsette vårens konfirmasjon er det vanskeleg no å planlegge neste kull.

Går alt etter planen har vi satt opp dato for Pilegrimsvandring søndag 30. august kl.10.00 med start frå Volbu kyrkje, langs Vindeåne over til Hegge kyrkje kor det blir gudsteneste kl.17.00.

Foto: Oddveig Holdal Weeg



Dugnad og stell av graver - Våren 2020

Denne våren kan vi dessverre ikkje invitere til dugnad på kyrkjegardane slik det er vanleg. Vi håpar likevel du vil ta med nødvendig reiskap (også eigne vasskanner) og rydde rundt gravene du steller.

- Hugs god handhygiene - vi oppfordrar til å bruke hanskar dersom du skal tappe vatn og kaste avfall.
- Hald 2 m avstand dersom du møter andre utanfor eigen husstand.

Tusen takk for hjelpa!

- Kyrjekontoret, 23.04.2020 / Foto: Oddveig Holdal Weeg



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD
www.kyrkja.no/oystre-slidre

PÅ KYRKJEVEG - INFOFOLDAR er utgjeve i mai 2020 av sokneråda i Øystre Slidre i høve kyrkja sin situasjon i koronatida

LAY-OUT: designsaskia.no / TRYKK: Bekkevolds Lyskopi ANS
KONTO NR.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

FRAMSIDE: Hegge kyrkje FOTO: Saskia Aleida Van Veen



Tider skal koma!

Eg skriv 27. april! Snøen har dekt landskapet, ublidt, men det reinsar og gjer godt for veksten, og på eit eller anna forunderleg vis har det vekt fuglane. Det er ein livleg aktivitet og kvitring å registrere når eg går opp til Volbu kyrkje for å ha morgonbøn. Utgangspunktet denne dagen er eit av bileta på dørene inn til kyrkja; Evangelisten Markus som ei løve med vengjer måla av Sigmund Årseth. Markus er symbolisert slik i kyrkjekunsten, han finst på altertavlene i Volbu, Rogne og Hegge med ei løve. Dette er fordi han opnar sitt evangelium slik:

Her byrjar evangeliet om Jesus Kristus, Guds Son.

Hos profeten Jesaja står det skrive:

Sjå, eg sender min bodberar føre deg, han skal rydda vegen for deg.

Ei røyst ropar i øydemarka:

Rydd Herrens veg, gjer stigane hans rette!

Løva levde i ørkenen der Johannes og var å finne! Johannes var sjølv litt av ein villmann, i kamelhårskappe og med krass røyst innimellom. Han hadde evna til å vekkje folket. Han

mana til omvendning og rydda ved det veg for det som skulle kome. Han reinsa folket frå syndene sine ved dåp i elva. Slik seier han det i Markus evangeliet: «Det kjem ein etter meg som er sterkare enn eg, og eg er ikkje verdig til å bøya meg ned og løysa sandalreima hans. Eg har døypt dykk med vatn, men han skal døypa dykk med Den heilage ande.»

Eg skriv 27. april og i dag har 1.-4. klassingane sin fyste dag på skulen på lang tid! Dei som oss alle har no strenge rutinar på å vaske seg. Ser de nokre parallelar?

Heile samfunnet, heile verda gjer no det ein sidan Johannes sine dagar rituellet har gjort i dåpen; ein vaskar seg. Det ligg ei omvendning i det; til ein annan måte å leve på. Det nye blir gitt i ein dåp i Heilag Ande som Jesus by på. Som i naturen; ein reinsar, vatnar og så kjem det nye livet med ny kraft.

Markus med løva med vengjer er Venezia sin skytshelgen. På dagsrevyen i går var det ein reportasje om korleis byen nyttar koronatida til leite etter ein meir berekraftig måte å drive turistnæring på. Ein som stimulerer kulturlivet og ikkje forureinar og tærer slik han har gjort til i dag.

Eg retter blikket mitt mot Venezia og vonar dei går føre i noko godt. Eg har tru på at vi i kjølvatnet av all denne reinsinga opnar opp for ein ny Ande, ein frisk ny måte å leve på, til beste for oss sjøve og for kloden vår.

- Eli



I helgene etter påske skulle alle 3. klassingar vore inviterte til Tårnagenthelg i Hegge og Rogne kyrkja. På grunn av Koronaen har vi ikkje kunne invitere dykk hit. I staden kan 3. klassingar og alle som elles vil vera Tårnagentar kvar for dykk, ved dykkar eiga kyrkje og ved desse oppgåvene. Send inn svar til Ellen Oddveig Rudi på mail: oddver@online.no eller i post til Kyrkjekontoret i Øystre Slidre, Bygdivegen 1989, 2940 Heggnes. Oppgåvene er opne for alle (ikkje berre dei som går i 3. klasse). Dei er fine å samarbeide med dei vaksne om. Alle svar vert premierte.

OPPGÅVER:

BARNESIDA

1

Teikn di draumekyrkje og skriv litt om kvifor ho skal vera slik.

2

Finn di kyrkje, kva heiter ho?



3

- Går rundt kyrkja. Korleis veit du at dette er ei kyrkje?
- Gjett kor høgt kyrkjetårnet er.
- Kor mange skritt brukar du for å gå rundt heile kyrkja?
- Kor mange dører har kyrkja? Kvifor er det forskjellige dører?

- Du kan bruke kyrkja som kompass. Kvifor kan du det?
- Kyrkjeklokkene, kva trur du? Kor langt kan du høyre dei?



4

I Rogne kyrkje er det ein sommarfugl på nattverdbegeret, kva betyr/symboliserer sommarfuglen?



5

Kva for symbol har dei fire evangelistane? (Sjå nøye på bileta) Kan du finne ut kvifor? (Du kan google, eller leite på heimesida til kyrkja).



6

Kva dag er det vi minnes at Jesus vart krossfesta? Kvifor står det «Det er fullført» på altertavla i Lidar? (Les i bibelen Joh. 19,30)



7

Kva dag er det vi minnes at Jesus åt det siste måltidet med venene sine?



Sett inn denne adressa på nettet og ver med på mysteriet! <https://www.youtube.com/watch?v=ZleHvtVjvWY>

Følg med i neste nummer av kyrkjebladet så kjem det kanskje fleire mysterium å løyse.

Så vonar vi at snart kan vi sjåast i kyrkja att, og at det neste år vert ei ny sjanse til å vera tårnagent på ordentleg i kyrkja.

Helsing Ellen, Oddveig og Eli.

Alle foto: Saskia Aleida Van Veen bortsett frå nr. 4: Eli Vatn

